

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	30.06.2025
Vår referanse	2025/38023-3
Dykkar referanse	202502924
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om konsesjon for vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet, NVE-ref.: 202502924

Bakgrunn

Det er søkt konsesjon for vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet i Ølve i Kvinnherad kommune.

Skildring av tiltaket

Alsaker Fjordbruk AS søker etter vassressurslovas § 8 om løyve til vassuttak frå Kvitebergsvatnet for sitt settefiskanlegg Ølve Bruk AS i Ølve i Kvinnherad. Vatnet skal brukast til produksjon av 30 000 tonn settefisk i nytt anlegg i Hyttevågen.

Gjeldande vassdragskonsesjon for oppdemming og regulering av Kvitebergsvatnet datert 09.06 2016 er utgått, og det vert søkt om same regulering, uttak av vatn og slepp av minstevassføring som i tidlegare løyve.

Alsaker Fjordbruk søker no om løyve å ta ut i gjennomsnitt 270 l/s, og regulering av Kvitebergsvatnet mellom kote 9,5 (HRV) og kote 7,9 (LRV). Det vert søkt om slepp av minstevassføring på 70 l/s.

Det bør nemnast at den utgått konsesjon var i høve til kraftproduksjon.

Kulturminneverdiar i området

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

På side 19 i konsesjonssøknaden står det under punkt 3.10 Kulturminner at: «*Det står et gjenreist kvernhus, på gammel ruin, langs utløpselven. Som del av de privatrettslige avtalene tilknyttet elven, heter det at man skal kunne bruke vann for å kjøre kvernhuset til utstillingsformål.*».

Elles er det ikkje nemnt noko om kulturminne rundt Kvitebergsvatnet. Det bør nemnast at det er ei rekkje automatisk freda kulturminne på sør og søraustsida av vatnet. Dette er gamle klebersteinsbrot som i alle høve skriv seg attende til mellomalder, kanskje ned til vikingtid. Dei aller fleste av desse ligg i god avstand til Kvitebergsvatnet, over 100 meter frå, men eitt av brota ligg forholdsvis nær, Askeladden id. 66384, og eitt ligg heilt i vasskanten, Ingeridhidleren, Askeladden id. 66385. Dette kulturminnet vil bli fysisk påverka av ei regulering over normalvasstand. Det bør difor ikkje gjevast løyve til å regulere Kvitebergsvatnet i så stor grad som mellom 9,5 (HRV) og 7,9 (LRV). Med dagens oksygeneringsteknologi bør det heller ikkje vere behov for så omfattande regulering.

Det er òg fleire kulturminne og kulturmiljø rundt vatnet som vil bli påverka av ei så omfattande regulering. Garden Kviteberg med eit unikt tunområde med 9 raude SEFRAX-registrerte bygg,

bergverk- og gruveanlegga i Attramadalen, for å nemna nokre. Gruvene i Attramadalen: Historikk –for gruve i Dalen (Askeladden-ID 244034) og gruve i Attramadal henta frå Askeladden:

Ølve har dei eldste kjende gruve i Hordaland. I 1642 vart det gjeve kongelege privilegium for eit jernverk i Jernsmauget på garden Lilledal sin grunn, og fem år seinare – i 1647 - for eit koparverk same stad. På midten av 1600-talet var det mange kopargruver som vart sett i drift i Noreg. Det var òg kopar som det hovudsakeleg vart driven på i Ølveområdet. Det nystarta koparverket her dreiv mesteparten av si verksemd i Atramadalen, ved Kvitebergsvatnet, men under namnet Lilledals Værk. Kisgruve her (meir kjend som Christiengaves bergverk, Christiengaves Verk eller Christangaves gruver) er eldst i Hordaland. I perioden 1642 til kring 1920 har det vore gruvedrift i fleire periodar i Dalen og Attramadal, med stans i drifta innimellom. I Attramadalen er det mange gruveopningar, tilgjengelege gruver (nokre av gruve er fulle av vatn, andre er det mogeleg å gå langt innover i), store steintippar og tydelege anleggsplassar med grunnmurar etter til dels store driftsbygningar. Det er også spor av og restar etter jernbanespor for kistransport.

På bakgrunn av mangfaldet av kulturmiljøverdiane, risiko og uvisse knytt til desse, er det vesentleg med ein god dokumentasjon. Den er viktig å legge til grunn før ein går vidare med planlegginga. Av regionale og nasjonale føringar på kulturmiljøfeltet viser vi til den seinaste stortingsmeldinga på kulturmiljøfeltet Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold, Stortingsmelding 16, (2019- 2020). Vi viser også til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028- regional planstrategi: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/utviklingsplanen/> Kulturmiljøplanen for Kvinnherad legg og viktige føringar for forvaltinga av kulturminne og kulturmiljø i Kvinnherad. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt og minner om at det må takast omsyn til mangfaldet om kulturminne med stor tidsdjupne i området. Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø må verte omtalte, kulturmiljøverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

I samband med § 10 i Forskrift for konsekvensutredningar av 01.07.2017 må det stillast krav om konsekvensutgreiing i samband med søknad om konsesjon og regulering av Kvitebergsvatnet i høve til kulturminneverdiane i området då tiltaket kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL